



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Breimsvatnet - Gloppen

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til søknaden om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Breimsvatnet.

Vi viser til oversendinga 5.4.2019 som gjeld søknad om å avvike reglementet for Breimsvatnet i mai 2019, i samband med ombygginga av inntaket til Trysilfossen kraftverk. Vasstanden skal haldast ein meter under HRV, og avviket gjeld vilkåret om at *«I tida når vårflaumen byrjar, men seinast frå 1. mai til 1. oktober, skal dammen såvidt råd er manøvrerast slik at vasstanden i Breimsvatnet og vassføringa i elva til ei kvar tid ligg nær tilhøva som ville vore utan regulering.»*

Vår vurdering er at dette er eit nødvendig tiltak med stor samfunnsverdi, og det må akseptast noko mellombels ulempe for allmenne interesser. Vasstanden i Breimsvatnet skal haldast innafor rammene av reglementet. På grunn av friluftsiinteressene i området bør magasinet fyllast opp att så snart som mogleg etter at arbeidet som grunngir avviket er utført. Vi reknar ikkje med at storaure i Breimsvatnet eller anadrom fisk i Gloppeelva vil verte nemneverdig påverka.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE